

Fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid i balanse etter fem år:

– Brukarane nøgde med fjordvarme



Sjøvatnet vert pumpa opp i eit slikt vekslarhus, som gjennom eit røyrrnett sender vatnet ut til kundane i Nordfjordeid.



Dagleg leiar Magne Hjelle i Fjordvarme A/S på Nordfjordeid seier at det er mange føremoner med å hente varme frå sjøen til oppvarming av bygningar.

Formannskapet i Volda kommune røysta måndag for å setje i gang ei forundersøking om fjordvarme er eit alternativ for sentrumsområdet. På Nordfjordeid har dei nytta fjordvarme i fem år med gode resultat.

– Vår røynsle er at brukarane er nøgde med fjordvarme. Dei får eit veldig godt inneklima og dei har mulegheit til å kontrollere temperaturen i høve oppvarming og kjøling. Reint økonomisk brukar dei mindre pengar på energikjøp enn tidlegare, seier dagleg leiar Magne Hjelle i Fjordvarme A/S til Møre-Nytt.

Må ha røyr i jorda

I 2004 vart firmaet etablert av Eid kommune for å byggje ut eit fjordvarmeanlegg i kommunen. Eit slikt prosjekt er likt det politikarane i Volda no ser føre seg. Eit pumpehus ved sjøkanten vil via eit røyrrnett på land frakte vatnet til varmpumper som forsyner bedrifter, offentlege institusjonar og private bustader.

– Det er ikkje noko problem å dekkje heile sentrum. Utfordringa i lønsemda ligg i kor langt ein kan grave for å nå kvar ein skilde kunde, og kor mykje energi han brukar. På Nordfjordeid har vi bygd ut kring 8 km grøfter, så det meste av sentrumsområdet som ligg i dalbotnen er dekt, seier Hjelle.

Både varmar og kjølar

Eit fjordvarmesystem har i tillegg til å levere varme og mulegheita til

å kjøle ned varme bygningar.

– Mange typar bygg har eit stort behov for kjøling, t.d. sjukehus, kontorbygg, skular og sjukeheimar. Der skal ein ha full styring med maksimums- og minimumstemperaturar, og det kan vere eit like stort problem å halde det kjølig som å halde ein minimumstemperatur.

Største i sitt slag i landet

Fjordvarme er ein teknologi som har vore nytta i mange bedrifter i ei årrekke. Men utbygginga på Nordfjordeid er den største i sitt slag i landet. Ifølgje Hjelle er det viktig at kommunane kjem på bana for å organisere større utbyggingar.

– Det er ei mulegheit for at enkeltbygg gjer dette kvar for seg, men då får ein ikkje eit stort omfang i energiomlegginga. Nokon må ta grep, og då har kommunane den mulegheita. Dette har Eid

kommune gjort, og det kan også Volda gjere, seier han.

Underskot dei første åra

I utgangspunktet kostar eit fjordvarmesystem ein heil del å byggje ut. Prosjektet på Nordfjordeid fekk ein samla prislapp på 23,3 millionar kroner, inkludert infrastrukturen og varmpumpene. Anlegget gjekk i underskot frå 2004 til 2008, men i balanse i 2009.

– Det er alltid ei utfordring å få økonomien til å gå opp i startfasen av eit anlegg. Ein greier ikkje det utan å ha eit visst tal kundar. Vi har hatt anlegget i drift i fem år og ser at vi no balanserer økonomisk. Det er vi godt nøgde med, seier Hjelle.

Ombygging naudsynt

Då fjordvarme er avhengig av både eit røyrrnettverk i jorda og bygningsmasse tilpassa vassboren varme, er det ikkje alle som kan knyte

seg direkte til eit slikt anlegg.

– Når det gjeld eksisterande bustadhus som ikkje har vassboren varme i utgangspunktet, er det ikkje berre å knipse og tru ein kan vere med på dette, seier Hjelle.

– På Nordfjordeid har vi sett at det har teke lang tid å få med eksisterande bygningsmasse. Det er gjerne i samband med renovering ein får høve til å byggje om, men det er ein langsiktig prosess å få mange med. Når det gjeld privatbustader er det spesielt nye prosjekt, gjerne i tettbygde strok, som så langt har kome med i prosjektet, seier Hjelle.

Forprosjektet til eit fjordvarmesystem i Volda er venta ferdig om to til tre månader. Etterpå skal kommunestyret ta stilling til om dei vil gå vidare med prosjektet.

Kjell Arne Steinsvik

Sparer fleire hundre tusen kroner med sjøvarme:

Grøvik Verk har gode røynsler med sjøvarme

– Vi har ikkje angra på at vi installerte sjøvarmeanlegg. For vår del er det no rein netto, seier Terje Kalvatn på Grøvik Verk i Ørsta.

– Vi har hatt berre positive røynsler med anlegget vårt. Vi har tent inn att anlegget på fire-fem år. Det er klart det er ein kostnad å installere eit slikt anlegg, men vi hadde vassboren varme frå før. Vi trong då berre ei varmpumpe og ein varmevekslar på land, seier Kalvatn.

I 2003 bygde dei eit lite sjøvarmeanlegg som forsyner fabrikkjen på Liadal med varme. Anlegget har ein verknadsgrad på 1:4. Kalvatn seier det er store summar å spare for bedrifter som ligg ved fjordkanten dersom dei nyttar seg av varmen som ligg i sjøen.

– Eg trur vi sparar eit par-tre hundre tusen kroner i året på oppvarming med dette anlegget. Samstundes er det miljøvenleg. Det som og

har vore positivt for vår del er at det er varmt i sjøen her. Temperaturen ligg vanlegvis på mellom 6 og 9 grader på 45 meters djup, seier Kalvatn.

– Vi var litt spent på det å køyre sjøvatn inn i ein vekslar med tanke på groe, skjel og andre ulumskheitersom finst i sjøen. Men det har ikkje vore problem i det heile. Bortsett ifrå å reinse nokre silar av og til er det svært lite vedlikehald. Det berre surrar og går.

Kjell Arne Steinsvik

Når sjøvarmeanlegget på Grøvik Verk i Liadal no er nedbetalt, sparar dei kvart år store summar på oppvarmingskostnader.

